

## Møtereferat – Samarbeidsutvalet (SU)

**Dato:** 15.10.2025

**Stad:** Øygarden ungdomsskule

**Tilstades:** Andrea Dale (elevrepresentant), Teodor Fjeldstad (elevrepresentant), Kamilla Njærheim Barstad (FAU), Hanne Linn Alvheim (FAU), Aina Haugetun (Tilsett), Trine Omland (rektor), May Britt Heggholmen (politisk repr) og Anne H D Torsvik (lærer)

---

### 1. Velkomen og presentasjon

Møtet starta med ei kort presentasjonsrunde der alle deltakarane introduserte seg. Det vart gjort greie for samansetjinga av SU, med representantar frå føresette (FAU), elevar, tilsette ved skulen og kommunen. Dette sikrar brei representasjon og god forankring i skulemiljøet.

---

### 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent utan merknader.

---

### 3. Informasjon om Samarbeidsutvalet

Det vart gitt ei orientering om SU sitt mandat og oppgåver. SU skal vere eit rådgjevande organ for skulen og bidra til godt samarbeid mellom heim og skule.

Lenke til mandat og oppgåver: <https://ut.ksx.no/oygarden/dokument/36646>

---

### 4. Konstituering

SU vart konstituert med følgjande roller:

- **Leiar:** Hanne Linn Alvheim
- **Nestleiar:** Trine Omland
- **Referent:** På omgang mellom medlemmane

#### Møteplan for året:

- Tysdag 2. desember kl. 17.00
  - Onsdag 4. februar kl. 19.00
  - Onsdag 29. april kl. 19.00
-

## 5. Orientering frå skulen

Rektor eller skuleleiinga orienterte om status og utviklingsområde ved skulen:

- **Elevtal og bemanning:**  
Skulen har 164 elevar fordelt på 7 klassar. Det er 20 pedagogar, 6 barne- og ungdomsarbeidarar, 1 miljøterapeut, samt tilknytning til skulehelsetenesta og PPT.
- **Fråværsstatistikk:**  
Om lag 30 % av elevane hadde i fjor eit fråvær på 10 % eller meir. Dette er eit område som krev vidare oppfølging.
- **BTI – Betre Tverrfagleg Innsats:**  
Skulen deltek i landsbysamarbeid med fokus på elevens beste. BTI-modellen skal styrke det tverrfaglege samarbeidet.
- **Nasjonale prøver:**  
Prøver i grunnleggjande dugleikar som lesing er gjennomført. Resultata er venta i løpet av dei næraste dagane, og vil bli presentert på neste møte. Skulen samarbeider med barneskular og har dialog med Sotra vidaregåande skule rundt tiltak for å styrke lesedugleikar i sær.
- **Elevundersøkinga:**  
Gjennomførast i november på alle trinn. Undersøkinga måler skulemiljø, trivsel og opplevd læringsstøtte.
- **Vigilo:**  
Hovudportal for kommunikasjon mellom heim og skule. Viktig verktøy for informasjonsdeling og samarbeid.
- **Foreldremøte:**  
Ekstra foreldremøte bli gjennomført for føresette til elevar på nytt 8. trinn tysdag 21.oktober.
- Tema på møtet vil vere å førebyggje fråvær, gjennomgang av ordensreglar, Vigilo bruk og nettverksbygging.

### Viktige satsingar og prosjekt på skulen :

- **TOG – Trygt og godt læringsmiljø:**  
Skulen arbeider aktivt for å skape eit inkluderande, variert, medverkande og motiverande læringsmiljø. Før jul har vi dette skuleåret ekstra fokus på å førebyggje fråvær.
- **Inkluderande, praktisk og medverkande læring.**  
Elevar på ØUS skal vere fagleg og sosialt inkludert på skulen. Dei skal sjølv få medverke fagleg og i alle sakar som vedkjem dei. Undervisninga skal vere variert.

Danning og utdanning og den overordna del av kunnskapsløftet skal gjennomsyre all aktivitet på skulen.

- **Grunnleggjande dupleikarfokus:**

Lesing, skriving og rekning skal styrkast i alle fag på ØUS.

---

## 6. Innspel frå representantane

### FAU:

- FAU har hatt stort fokus på å kome i gang å organisere kveldsaktivitetar for elevar. Dette har

### Elevrepresentantar:

- **Uteområde:** Ønske om betre tilrettelegging og oppgradering av uteområdet. Rektor fortel at skulen er lova ny ballbinge, treningsstativ og Hengjekøyedisser innan 1.januar.
- **Busskur:** Behov for betre ly for elevar som ventar på skulebuss. Rektor tek saka med å undersøkje kven vi skal kontakte for å løfte denne saka på ny.
- **Praktisk og variert læring:** Elevane ønskjer meir praktisk undervisning og fagaktivitetar, gjerne på tvers av klassar og gjerne heile skulen.

### Tilsette:

- Ingen konkrete saker meldt inn til dette møtet.

### Politikar/kommunal representant:

- Ingen saker meldt inn, men det vart uttrykt støtte til skulen sine satsingar.
- 

## 7. Eventuelt

- Skule med støtte frå elev- og føresette representantar ber politisk representant melde tilbake til kommunestyre at vi er uroa over at fritidstilbod som MOT-klubb vert bygd ned i vårt område medan til dømes Ågotnes og Straume framleis får tilbod om fritidsklubb. MOT samlingar her på RONG var godt vitja og det er vårt ønskje at fritidstilbod for ungdom skal byggjast ut. Vi trur at det i det lange løp vil vere meir kostnadseffektivt enn å ta frå ungdom tilbod.

Referent: Trine Omland